

MØTEINNKALLING

Utval: **FORMANNSKAPET**
Møtestad: **Formannskapssalen**
Møtedato: **17.06.2010** Tid: **08.30**

Event. forfall må meldast til tlf. 57 65 56 00. Varamedlemer møter etter nærare varsel.
Saksdokumenter er utlagde i Service-ekspedisjonen og i biblioteket.

SAKLISTE:

Sak nr.	Arkivsak nr. Tittel
83/10	10/425 Rekneskapsrapport 2010 – 1. tertial
84/10	10/6 Klage på vedtak i F-sak 38/10 - bygging av Hangsetevegen på Njøs
85/10	10/30 Reguleringsendring for BAMA-tomta - godkjenning
86/10	10/239 Søknad om SMIL-midlar 2010 - Kari Kitty Stadheim. Ny handsaming
87/10	10/423 Ny brannbil og brannstasjon - tilleggsøyving
88/10	10/12 Nytt løns-, personal- og økonomisystem. Implementering og ressursar
89/10	10/397 Kontrollutvalet - forlenga avtale sekretariat

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Rekneskapsrapport 2010 - 1. tertial

Sakshandsamar: Ingunn Broch Hauge
Arkivsak nr.: 10/425

Arkiv: 212

Sak nr.:	Utval	Møtedato
83/10	Formannskapet	17.06.2010
/	Kommunestyret	17.06.2010

TILRÅDING:

Kommunestyret tek tertialrapporten til vitande

DOKUMENT:

- Økonomiplan 2010-2013 – Årsbudsjett 2010
- Utskrifter frå Agresso/rekneskap

SAKSUTGREIING:

Budsjettet for 2010 byggjer på budsjett 2009 (inkl.endring) samt resultatet av gjennomført tenesteanalyse.

Årsbudsjettet for 2010 vart vedteke av Leikanger kommunestyre i sak 64/09 den 15.12.2009.

For å få budsjettet i balanse, vart det budsjettert med bruk av disposisjonsfond med kr.361.000,-.

Vidare er det i sak 12/10 gitt ei løyving på kr.459.000,- som er finansiert med bruk av frie fond. Samla bruk av frie fond i budsjettet for 2010 er med dette kr.820.000,-.

I tillegg er det også budsjettert med ein avkastning på fondsmidlar på kr.3.000.000,-.

Driftsbudsjettet til Leikanger kommune er med dette vedteke med kr.3.820.000,- over det ein vil få i inntekter i form av eigenbetaling, div. refusjonar og overføringar frå staten.

Med eit slikt utgangspunkt, er det svært viktig å fylgje med på utviklinga gjennom året. For å kunne halde best mogleg styring og kontroll, er det mellom anna lagt opp til månadleg økonomisk rapportering frå tenesteleiarane.

Rådmann har gått gjennom rekneskapen pr. 30.04.2010.

Inntekter og utgifter vil variere fordi aktiviteten endrar seg og avdi forbruksmønsteret ikkje fordeler seg likt over heile året.

Ein vil difor ikkje kunne framføre rekneskapstal pr. 30.04.2010 og kome fram til eksakt sluttresultat for året. Rapporten vil likevel vise tydeleg retning innafør enkelte områder.

DRIFTSBUDSJETTET

Løner og sosiale utgifter:

Lønn totalt:

	Beløp pr. 30.04.2010	Budsjett inkl.endr.	Forbruk
01-09 Løner og sosiale utgifter	32 184 813	88 034 000	36,56 %
Mottekne refusjonar frå Nav	682 595	0	
Netto lønsutgift	31 502 218	88 034 000	35,78 %

Eit forbruk på 35,78 % pr. 30.04. i året er svært bra.

Reknar ein løn ut frå 11 mnd. med jamne lønsutgifter gjennom året, vil ein pr. 30.04 ligge på eit forbruk på ca. 36,3 %. Reknar ein på 12 mnd, skal forbruket ligge på ca.33,33 %. På dei aller fleste tenesteområde kan ein rekne løn i 11 mnd. pr. år. Unnataket er pleie og omsorg der ein må drive med bortimot full bemanning også når det er ferie.

Vidare må ein ta omsyn til at det er budsjettert med kr.879.000,- i ferievikar der det pr. 30.04 er det nytta ca. 7 % av denne posten.

Lønn pr. 30.04.2010 vist på rammeområde:

Rammeområde	Beløp	Ref. frå Nav	Netto forbruk løn	Budsjett inkl.endr.	Forbruk i %
Sentrale folkevalde organ og revisjon	286 466	0	286 466	916 000	31,27 %
Sentraladministrasjon og styring	1 870 622	0	1 870 622	5 066 000	36,93 %
Fellestjenester	355 618	0	355 618	341 000	104,29 %
Undervisning	7 204 920	115 331	7 089 589	19 812 000	35,78 %
Barnehage	3 897 426	196 313	3 701 113	10 527 000	35,16 %
Helsetjenester	1 292 029	0	1 292 029	3 701 000	34,91 %
Sosial og barnevern, psykiatri	1 293 770	20 319	1 273 451	5 037 000	25,28 %
Pleie og omsorg	9 936 829	287 103	9 649 726	26 037 000	37,06 %
Kultur og bibliotek	403 648	8 611	395 037	1 059 000	37,30 %
Kulturskolen i Sogn	2 347 932	13 948	2 333 984	6 593 000	35,40 %
Byggeforvaltning	1 645 349	24 296	1 621 053	4 527 000	35,81 %
Vegar	285 263	425	284 838	610 000	46,69 %
Brannvern	538 051	1 535	536 516	1 148 000	46,73 %
Vatn, avløp og Renovasjon (VAR)	434 528	14 007	420 521	1 568 000	26,82 %
Miljø, areal og næring	340 389	707	339 682	947 000	35,87 %
Livssyn	51 972	0	51 972	145 000	35,84 %
	32 184 813	682 595	31 502 218	88 034 000	35,78 %

Kommentarar knytt til forbruk lønn - kommenterer dei største rammeområda samt der det er avvik:

Lønn - Fellestenester.

Fellestenester har eit forbruk innan lønn og sosiale kostnader på 104 %. Eit tilsynelatande overbruk skriv seg frå føring av premieavviket, dvs måten ein fører pensjonskostnadene i kommunen på.

”Årets premieavvik” og ”Amortisert Premieavvik” utgjer for år 2010 ein inntektspost på ca. 600.000,-. Bokføringa vil fyrst kome i årsoppgjert og vil gjennom året framstå som meirforbruk på lønn.

Lønn - Undervisning

Leikanger Ungdomsskule

Pr. 30.04.2010 har det vore eit forbruk på 39,35 %. Tek ein omsyn til ref. frå Nav, får eit forbruk på ca.38 % av budsjettet. Forbruket av fastløn pr.30.04. er noko høgt i høve jamn framskriving av budsjett og rekneskapstal. Forklaringa ligg mellom anna i at sjukepengar for perioden ikkje er innkomne samt at det er planlagt å redusere stillingsprosenten frå hausten.

Leikanger Barneskule

Leikanger Barneskule har pr. 30.04. eit lønsforbruk på 35,62 %. Tek ein omsyn til ref. frå Nav, er forbruket på ca.35 % av budsjettet. Leikanger Barneskule ligg pr.30.04.2010 innafor budsjettet.

Lønn- Barnehagane

Barnehagesektoren vurdert under eitt, har eit forbruk på løn pr.30.04. på 37 %. Fråtrekt refusjonar frå Nav er forbruket på 35,2 %. Ok i høve budsjett.

Lønn - Sosial og barnevern, psykiatri

Området har eit mindreforbruk på løn. Det meste av dette avviket skriv seg frå eit tiltak som kom igang seinare enn fyrst planlagt.

Lønn - Pleie og omsorg

Av eit totalt lønsbudsjett på ca. 26 mill innan pleie og omsorg, er 25 mill fordelt mellom sjukeheimen og heimebasert omsorg.

Samla (eks ref frå Nav) har eininga pr. 30.04 lønskostnader tilsvarande 38,2 % av budsjettet. Tek ein omsyn til refunderete sjukepengar og foreldrepengar, er forbruket nede på 37,13 % og framleis noko høgt. Sidan ein her må fordele lønskostnadene over 11,5-12 mnd, skulle forbruket vore ca 34 %.

Noko av meirforbruket skuldast ein virusepidemi, Nuroviruset, der både pasientar og tilsette vart sjuke og ein måtte nytte overtid og ekstravakter for å avhjelpe situasjonen mest mogleg. I tillegg har ein og hatt kostnader med tilretteleggingstiltak som enno ikkje er refundert frå Nav.

Ein ser likevel at drifta ligg noko høgt i høve budsjettet, og ein bør vurdere vikarbruk nøye. Kan og sjå ut til at fastløn ligg litt for høgt.

Andre driftsutgifter:**Totalt:**

Andre driftsutgifter	Forbruk pr. 30.04.2010	Budsjett inkl. endring	Forbruk i %
10-28 Eksternkjøp til eigenproduksjon	5 465 140	21 109 000	25,89 %
29 Internkjøp av tenester	0	843 000	0,00 %
30-39 Kjøp av eksterne tenester	3 477 143	11 998 000	28,98 %
40-48 Overføringer til andre	3 573 441	10 019 750	35,66 %
Sum andre driftsutgifter	12 515 723	43 969 750	28,46 %

Samla sitt ligg andre driftsutgifter godt under budsjettet.

Andre driftsutgifter pr. 30.04.2010 vist på rammeområde:

Rammeområde	Beløp	Budsjett inkl.endr.	Forbruk i %
Sentrale folkevalde organ og revisjon	236 829	1 059 000	22,36 %
Sentraladministrasjon og styring	76 717	301 000	25,49 %
Fellestenester	1 039 745	3 013 000	34,51 %
Undervisning	583 314	2 694 000	21,65 %
Barnehage	2 200 272	4 767 000	46,16 %
Helsetenester	597 302	2 547 000	23,45 %
Sosial og barnevern, psykiatri	1 980 759	5 119 000	38,69 %
Pleie og omsorg	1 157 008	3 527 000	32,80 %
Kultur og bibliotek	335 854	934 000	35,96 %
Kulturskolen i Sogn	164 524	2 418 000	6,80 %
Byggeforvaltning	1 476 110	5 678 750	25,99 %
Vegar	181 549	1 466 000	12,38 %
Brannvern	189 097	484 000	39,07 %
Vatn, avløp og Renovasjon (VAR)	1 654 051	6 338 000	26,10 %
Miljø, areal og næring	376 740	1 598 000	23,58 %
Livssyn	265 851	1 576 000	16,87 %
Finansinntekter og utgifter	0	450 000	0,00 %
Sum andre dr.utgifter	12 515 723	43 969 750	28,46 %

Kommenterer dei områda som har avvik:**Barnehage**

Forbruk på 46 % skriv seg frå overføring av statlege midlar til den private barnehagen.

Driftstilskotet til privat barnehage vert utbetalt til kommunen som vidareformidler til den aktuelle barnehagen.

Arndre driftsutgifter i dei kommunale barnehagane ligg godt under forventta forbruk.

Sosial og barnevern, psykiatri

Eininga ligg litt høgt på andre driftsutgifter mellom anna grunna halvårlege rekningar frå Sogndal for vår andel av kostnader til barnevern.

Andre driftsinntekter:

Totalt – vert berre kommentert pr.hovedpost samla for heile kommunen:

Andre driftsinntekter	Beløp pr. 30.04.2010	Budsjett inkl.endr.	Innekt i %
60-69 Sals- og leigeinntekter	3 963 555	22 575 000	17,6 %
70-78 Refusjon av utlegg for andre	5 462 716	20 932 000	26,1 %
79 Internsal av tenester	2 000	588 000	0,3 %
80-89 Overføringar frå andre	31 522 022	95 134 000	33,1 %
Sum andre driftsinntekter	40 950 292	139 229 000	29,4 %

Post 60-69; sals- og leigeinntekter:

Husleigene er stort sett à jour pr. 30.04.2010.

1. termin av kommunale avgifter (uten eigedomsskatt) hadde forfall 15.05.10. Det vart sendt ut rekningar for til saman 5,2 millionar kroner.

Post70-78; refusjon av utlegg for andre:

Store postar her er Kulturskulen i Sogn. Grunna periodiske innbetalingar av refusjon frå kommunane Luster og Sogndal, vil det mellom kvar halvårleg innbetaling framstå som for lite innbetalt i høve budsjett.

Krav om innbetaling for 1. halvår vert sendt ut i juni.

Refusjon av mva frå anlegg vert inntektsført på dei akutelle anlegga i investeringsrekneskapen.

Post 80-89; overføring frå andre:

Store og vesentlege postar her er skatt og rammetilskot.

Rammetilskot er budsjettert med kr. 36.158.000,-. Pr. 30.04 er 13,4 mill innbetalt på konto.

Leikanger kommune har budsjettert med ein skatteinngang på kr. 46.398.000 mill. kr.

Har inntektsført 15,1 mill pr. 30.04.

Rekningar på eigedomsskatt for 2010 vert utsendt i juni.

Finansutgifter og finansieringstransaksjonar

Finansierutgifter	Beløp pr. 30.04.2010	Budsjett inkl.endr.	Forbruk
Renter på lån	1 859 641	4 882 000	38 %
Div. avdrag / sos.lån	103 941	4 320 000	2 %
Avskr./avsetn./med mer	0	2 028 000	0 %
Sum finansieringsutgifter	1 963 582	11 230 000	17 %

Finansieringsutgiftene er samansett av renter, kalkulatoriske renter, avdrag, avsetjingar til fond og avskrivningar. Det vesentlege av avsetjingar til fond og avskrivnar vert ført i samband med årsoppgeret.

Det er pr.30.04.betalt 1,8 mill i renter. Dette er renter for 6 mnd, dvs. frå 20.09.2009 til 20.03.2010. Av dette er ca 1,3 mill renter for 2009. (Vert periodisert i årsoppgeret). Nytt forfall på renter 20.09.2010.

Rente for 2010 er berekna med ei snittrente på 4 %.

Renter på lån til Kommunalbanken forfell med halvårlege terminar og har forfall i mars og september.

Betalt avdrag er nedbetaling på Husbanklån, kr.70.000,-.

Avdrag på totalporteføljen vert betalt i september i samband med renteregulering og eventuell refinansiering.

Finansieringstransaksjonar	Inntekt pr. 30.04.2010	Budsjett 2010
Renteinntekter	34 106	505 000
Avkastning fondsm./aksjeutbyte	3 096 139	3 629 000
Mottekne avdrag å utlån	3 000	0
Bruk av fond	0	1 331 000
Motp. avskrivningar/renter	0	1 556 000
Sum finansieringstr.	3 133 245	7 021 000

I budsettet for 2010 er det lagt opp til bruk av kr.3.000.000,- i avkastning på fondsmidlar og utbytte frå Sognekraft.

Bruk av fond fordeler seg med kr.820.000 av disposisjonsfond og kr.511.000 av bundne driftsfond.

Status avkastning på "kraftfondet":	
Verdiendring/avkastning tom 30.04.2010	kr 3 096 139
Budsjettert bruk av avkastning	kr 3 000 000
Meirinntekt	kr 96 139

Pr. 30.04.2010 var avkastning og budsjettert bruk av avkastning omtrent på same nivå. På dette tidpunktet lån totalindeksen på

Høgast og lågaste notering siste mnd går frå 396p til 326 poeng.

I starten av juni er indeksen på ca.355 p og samla verdi på kraftfondet er notert til 87,3 mill.

Ved inngangen av året var verdien 86,4 mill og verdiauken så langt i året vert ca. kr.900.000.

Gjeld

Gjeld pr. 30.04.2010 utgjer kr.124.000.000.

Porteføljen inkluderer nye lån 2010. Det er ikkje betalt avdrag for inneverande år.

35 millionar er sikra med fastrente; renteswap.

Utvikling i fond (Balansen)

Kraftfondet (disp.fond)	IB 2010	Budsjettert bruk 2010	Ny saldo
Kursreguleringsfond	0	0	0
Avsett overskot	0	0	0
Sal av aksjar Sognekraft	6 875 315	820 000	6 055 315
Totalt	6 875 315	3 525 000	6 055 315

”Kursreguleringsfond” og ”Avsett overskot” vart brukt til føring av tap på verdipapir i 2008 og står famleis i 0 . Ein har difor ikkje bufferfond til å stå imot kurssvingingar.

Fondet ”Sal av aksjar Sognekraft” vart redusert med 4,8 mill i 2009. IB 2010 kr.6,8 mill.

Ubundne kapitalfond, (kraftfondet - kan berre nyttast til investering) var pr. 01.01.09 på (balansen) kr.58 087 496.

Inngåande balanse i 2010 er kr. 55.587.496,-.

Kort oppsummering

Budsjettet for 2010 er delvis basert på tentestanalyse med innsparingstiltak på 6 mill kroner og vil vera ei stor utfordring å få til endring av slik storleik frå eitt år til neste.

Det er difor framleis knytt ein del spenning til om tenesteeiningane har greitt å tilpasse aktiviteten til dei nye rammene.

Gjennomgang av rekneskapen så langt i året (30.04), tyder på at dei aller fleste områda har aktivitet som er tilpassa budsjettet.

Mulig ”Pleie og omsorg” ligg noko høgt. Pga ekstra kostnader i samband med virusepidemien, treng vi fleire mnd. for å sjå trenden.

Andre driftsutgifter ligg omtrent på budsjett.

Positiv utvikling på børsen har pr.30.04.2010 gitt ei avkastning på ca 3,1 mill.

(Ved inngangen av juni redusert til ca. 900.000).

For å bygge opp att frie fond, må overskot frå rekneskapsåret 2009 mellom anna nyttast til oppbygging av bufferfond.

Då det framleis er tidleg i året og vert det ikkje lagt opp til endring av budsjett ut frå forbruk pr.30.04.2010.

Eventuelle budsjettendringar vert å vurdere på nytt i samband med tertialrapport pr. 31.08.2010.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Klage på vedtak i F-sak 38/10 - bygging av Hangsetevegen på Njøs

Sakshandsamar: Jens Øyrehagen
Arkivsak nr.: 10/6

Arkiv: V83

Sak nr.: Utval
84/10 Formannskapet

Møtedato
17.06.2010

TILRÅDING:

Tilråding blir lagt fram i møte

DOKUMENT:

- F-sak 38/10
- Klage av 20.05.10 frå Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane (vedlagt)
- Brev av 25.05.10 frå Hermund Kleppa (vedlagt)

SAKSUTGREIING:

Formannskapet gav i sak 38/10 i møte 12.05.10 løyve til bygging av Hangsetevegen på Njøs. Vedtaket vart gjort med 3 mot 2 røyster.

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane klagar på dette vedtaket. Hermaund Kleppa stiller spørsmål i saka og har eit alternativ til skogsveg.

Klagefristen ikkje utgått, då melding om vedtaket vart utsendt 25.05.

Rådmann vil leggja fram saksutgreiing og tilråding på møtet.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Reguleringsendring for BAMA-tomta - godkjenning

Sakshandsamar: Per Holen
Arkivsak nr.: 10/30

Arkiv: L12

Sak nr.:	Utval	Møtedato
85/10	Formannskapet	17.06.2010
/	Kommunestyret	17.06.2010

TILRÅDING:

Leikanger kommunestyre godkjenner i medhald av §12-12 i Plan- og bygningslova privat framlegg til reguleringsendring av 10.02.10, revidert 09.06.10, for BAMA-tomta.

DOKUMENT:

- Privat framlegg til reguleringsplan av 10.02.10, revidert 09.06.10 med planomtale, føresegner og kart (vedlagt)
- F-sak 18/10, vedtak om utlegging.
- Fråsegn av 03.06.10 Fylkesmannen (vedlagt).

SAKSUTGREIING:

Det er ikkje komme inn merknader frå privatpersonar til planen.

Fylkesmannen har ikkje avgjerande merknader til planendringa.

Statens vegvesen hadde i brev av 10.05.10 merknader i utforminga av avkøyrsla til fylkesvegen (Njøsavegen). Etter synfaring 04.06.10 er planen retta opp i tråd med vegvesen sine krav.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Søknad om SMIL-midlar 2010 - Kari Kitty Stadheim. Ny handsaming

Sakshandsamar: Eva Nilsen Huke
Arkivsak nr.: 10/239

Arkiv: MTR 17/16

Sak nr.:	Utval	Møtedato
50/10	Formannskapet	12.05.2010
86/10	Formannskapet	17.06.2010

TILRÅDING:

Kari Kitty Stadheim får kr.25.000,- til utbetring av mur på Ådnegarden som omsøkt. Tiltakshavar skal leggja vekt på sikring slik at arbeidet ikkje medfører fare for skade på person eller eigedom i området nedanfor muren.

Vedtaket er fatta med heimel i forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket og Leikanger kommune sin strategiplan for bruk av smil – midlar 2009 – 2012.

DOKUMENT:

- F-sak 50/10 (vedlagt)
- Notat av 04.05.10 (vedlagt)

SAKSUTGREIING:

I notatet av 04.05.10 frå administrasjonen, som låg til grunn for drøftingane i formannskapet om fordelinga av SMIL-midlane for i år var det tilrådd eit tilskot på 25.000 kr til dette prosjektet. I tilrådinga i saka hadde denne summen vorte feilskriven til 10.000 kr.

Rådmannen finn etter dette det rett å leggja saka fram att på nytt for formannskapet med den ”opprinnelege” tilrådinga. Grunngevinga for at prosjektet er tilrådd med 69% i tilskot er at rundsteinsmuren ligg svært utsett til og at veggen som går oppå muren vert brukt både som turveg og er ein del av løypa i Kjeringi Open.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Ny brannbil og brannstasjon - tilleggsløyving

Sakshandsamar: Runar Stadheim
Arkivsak nr.: 10/423

Arkiv: M70 &42

Sak nr.:	Utval	Møtedato
87/10	Formannskapet	17.06.2010
/	Kommunestyret	17.06.2010

TILRÅDING:

Rådmannen får fullmakt til å inngå avtale om kjøp av brukt brannbil innafør ei økonomisk ramme på kr.610.000,- eks. mva samt kr.140.000,- eks. mva for tilpassa brannutstyr, samla kr.750.000,- eks. mva.

Det vert avsett kr.100.000,- eks. mva for riving/sanering av gamal brannstasjon.

Tilleggsløyvinga på kr.400.000 vert dekkja av sal av tomter i Lundene.

DOKUMENT:

- K-sak 28/09
- Tilbod brukt brannbil frå Egenes Brannteknikk AS

SAKSUTGREIING:

Brannbil:

Brannvernet har sjekka prisar på brukt brannbil jf. avvik 6 i tilsynsrapporten frå DSB datert 21.09.06. Avviket går på at kommunen må dokumentere at arbeidet med å planlegge utskifting av brannbilen vert starta opp i 2007 og lagt inn i handlingsprogrammet 2008-2011. Kommunestyret vedtok i samband med økonomiplanen for 2007-2010 å legge inn ei økonomisk ramme på 1 mill i 2010 til kjøp av ny brannbil.

I kommunestyret den 25.06.2009 fekk rådmannen fullmakt til å inngå avtale om kjøp av brukt brannbil innafør ei økonomisk ramme på kr.450.000,- eks. mva. Det viste seg i ettertid vanskeleg å finna brukbare bilar med 4x4 til denne prisen. Ny brannbil kostar om lag 3 mill.

Kommunen har motteke tilbod frå Egenes Brannteknikk AS om kjøp av brukt brannbil -Mercedes 1124 4x4 1996 mod med 2004-mod. påbygg for tot. kr.610.000,- eks mva. Bilen er registrert som lastebil klasse C.

Pr. i dag har 8 stk av brannmannskapet førarkort klasse C. Truleg treng ikkje fleire av mannskapet å ha førarkort klasse C.

Kunngjering av ynskje om kjøp av brukt brannbil vert lagt ut på Doffin –database for offentlege innkjøp, når vedtak om kjøpesum føreligg.

Riving/sanering av gamal brannstasjon:

Den gamle brannstasjonen på Hermansverk er om lag 55m². Den er bygd på 1960-talet med ytterkledning og tak av aluminium og asbesthaldig eternitt i himling og innekledning. Det er særskilde forskifter om riving/fjerning av asbesthaldig materiale, noko som gjer rivingsarbeidet dyrare. Kommunen har ikkje eigne tilsette sertifisert for slikt arbeid. Kommunen har ikkje innhenta pris frå entreprenørar. Stipulert pris med riving av bygget samt sanering av avfallet er kr. 100.000,- eks. mva.

Rivinga av bygget skal byggemeldast på vanleg måte og meldast arbeidstilsynet før arbeidet tek til.

Rådmanen si vurdering:

Rådmannen finn det rett å gå inn for tilleggsøyvinga for å kunne få kjøpt ein brannbil av ein brukbar standard. Rådmannen ser det òg som heilt naudsynt at den gamle brannstasjonen midt i sentrum vert riven. Det er selt to tomter i Lundene i 2010 for i alt 405.000 kr. Desse inntektene er ikkje diponerte.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Nytt løns-, personal- og økonomisystem. Implementering og ressursar

Sakshandsamar: Dagrun Røysum
Arkivsak nr.: 10/12

Arkiv: 056 &85

Sak nr.: Utval
88/10 Formannskapet

Møtedato
17.06.2010

TILRÅDING:

I samband med implementering av nytt løns-, personal- og økonomisystem vert det ved økonomiavdelinga oppretta ei mellombels 100% stilling i tidsrommet 01.08.2010 - 30.04.2011.

DOKUMENT:

-

SAKSUTGREIING:

Fylkeskommunen og kommunane Balestrand, Leikanger, Luster og Sogndal (BLLS) har etter anbudsutlysning kome fram til leverandør av felles programløysingar innan økonomi, løn og personal. Ein vil med dette gå til innkjøp av felles system for alle.

Arbeidet med innføringa startar etter sommarferien 2010.

Implementering av dei nye systema vil bli krevjande og dette er arbeid som må utførast i tillegg til dagleg drift, truleg om lag 1 år etter driftsstart. I dette inngår m.a. rydding i eksisterande databasar før konvertering til nytt system, bygging av nytt kodeverk og register, opplæring og innføring i eigen organisasjon. Fagressursane ved økonomiavdelinga vil få ekstra stor belastning i denne fasen, og ein må rekne med noko overtidsarbeid.

For at dette skal bli gjort på ein god måte meiner rådmannen at fagressursar ved økonomiavdelinga må frikjøpast noko frå den daglege drifta ved kontoret. Rådmannen ser det som nødvendig at ein i samband med implementeringsfasen opprettar ei engasjementstilling (vikariat) som kan ta ein del av det daglege arbeidet, eks.føring av rekneskap, bilagshandtering, opning av post, sjekking av lister og anna arbeid for økonomiavdelinga. Leiargruppa legg vekt på at vedkomande må ha gode kvalifikasjonar innan økonomi og IT, og ønskjer å lyse ut eksternt 100% mellombels stilling frå 1.august 2010 – 30.april 2011.

Utgifter i samband med stillinga må vurderast opp i samband med det totale investeringsprosjektet for innkjøp av nytt løns-, personal- og økonomisystem.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Kontrollutvalet - forlenga avtale sekretariat

Sakshandsamar: Odd Arve Rakstad
 Arkivsak nr.: 10/397

Arkiv: 033

Sak nr.:	Utval	Møtedato
89/10	Formannskapet	17.06.2010
/	Kommunestyret	17.06.2010

TILRÅDING:

Kommunestyret vedtek å nytte retten til å forlenge eksisterande avtale med Priceaterhouse Coopers fram til 31.12.2012 for å ivareta sekretariatsfunksjonen for kontrollutvalet i Leikanger.
Ordførar får fullmakt til å underteikne endeleg avtale om forlenging.

DOKUMENT:

- Avtale mellom PC og Leikanger kommune, dat 13.02.2009 (vedl)

SAKSUTGREIING:

I regi av regionrådet vart deti 2008-09 utarbeidd ei felles avtale om innleige av sekretariatstenester for kontrollutvala. Pricewaterhouseoopers vann anbodet og alle kommunane i rådet med tillegg av Høyanger har med eigne vedtak underteikna avtale med PC

Avtalen går ut pr 31.12.2010 med rett til forlenging med 1 + 1 år. Tingingar om forlenging skal vera avgjorde til 01.07.2010.

Rådmannsgruppa har drøfta saka i møte 09.04 og 04.06.2010. Rådmannen har tolka dei øvrige kommunane slik at dei legg opp til å nytte opsjonsretten og forlenge eksisterande avtale.

Rådmannen har informert leiaren av kontrollutvalet i Leikanger og fått tilbakemelding på at dei støttar opp om framlegget om forlenging.

Eksisterande avtale har ein årleg kostnad på kr 165.000